

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Berit M.Eskeland     | FE - 031     | 16/462            |

| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| 40/2016       | Formannskapet | PS          | 20.04.2016  |
| 36/2016       | Kommunestyret | PS          | 27.04.2016  |

## Miljøsertifisering av Meland rådhus - finansiering

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vart i kommunestyret den 16.12.2015 i sak 140/2015 vedteke at administrasjonen skulle setje i gang miljøsertifisering av rådhuset i 2016 og søkje tilskot for sertifiseringa frå Hordaland fylkeskommune.

#### Vurdering

Administrasjonen har vinteren 2016 utgreidd nærare kva ei miljøsertifisering vil innebere. For Meland kommune er det Miljøfyrtårn ordninga som vil vere aktuell sertifiseringsordning. Standard sertifiseringsmodell består av seks trinn:

| <b>Steg</b>    | <b>Skildring</b>                                                                                                                                                               |
|----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Initiativ      | Konsulent for prosessen vert kontakta for å kome i gang                                                                                                                        |
| Miljøanalyse   | Ei intern arbeidsgruppe saman med konsulent gjennomfører ein analyse av nå-situasjonen på temaer som HMS, innkjøp, transport, energibruk og avfalls- og utsleppshandtering ol. |
| Handlingsplan  | Arbeidsgruppa og konsulent lagar ein handlingsplan som viser kva som må gjerast for å bli Miljøfyrtårn                                                                         |
| Rapport        | Ferdigstilling av miljøanalyse med handlingsplan                                                                                                                               |
| Implementering | Tiltaka i handlingsplanen blir satt i verk                                                                                                                                     |
| Godkjenning    | Verksemda vert godkjent og sertifisert av ein uavhengig sertifisør                                                                                                             |

I etterkant av sertifiseringa skal arbeidet følgjast opp med miljørapportering kvart år. Miljørapporten skal vise dei konkrete resultatane av miljøtiltaka som er gjennomført, og sette framtidige mål for miljøarbeidet. Miljøfyrtårnsertifikatet er gyldig i tre år, og verksemda må deretter resertifiserast.

Det er utarbeidd eit foreløpig budsjett for miljøsertifiseringa på ca 100 000 kr. Dette budsjettet inneheld alle kjente kostnader som utgifter til konsulent, sertifisering og etableringsgebyr. I tillegg ligg det inne kostnader til energimerking av rådhuset som vi veit vil bli eit krav i handlingsplanen. Det vi ikkje veit er kva andre krav som vil kome som ein følgje av handlingsplanen. Dette kan f.eks vere utstyr til kjeldesortering. Administrasjonen reknar med at desse kostnadene vil overstige foreløpig budsjett for sertifiseringa, men dei vil først vere kjent når handlingsplanen føreligg. I tillegg kjem interne kostnader til arbeidsgruppa.

Administrasjonen har søkt om tilskot frå Hordaland fylkeskommune for miljøsertifisering av Meland rådhus, og fått innvilga inntil 50 000 kr i tilskot. Ettersom budsjettet for sertifiseringa er på ca 100 000 kr må kommunen dekke 50 000 kr sjølve.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – målet for sertifiseringsordninga er å gi positive miljøgevinster

Økonomi – omtalt over

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert satt i gang ein prosess med å få miljøsertifisert rådhuset. Driftsramma for tenesteområdet plan, utbygging og kommunalteknikk vert auka med kr 50 000 for å dekke dei kjente utgiftene til arbeidet. Dette vert finansiert med å redusere avsetning til disposisjonsfondet med kr 50 000, frå 1 mill til 0,95 mill i 2016. Ytterlegare kostnader til arbeidet må fremmast som eiga sak når handlingsplanen for arbeidet er godkjent.»

#### **Formannskapet - 40/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert satt i gang ein prosess med å få miljøsertifisert rådhuset. Driftsramma for tenesteområdet plan, utbygging og kommunalteknikk vert auka med kr 50 000 for å dekke dei kjente utgiftene til arbeidet. Dette vert finansiert med å redusere avsetning til disposisjonsfondet med kr 50 000, frå 1 mill til 0,95 mill i 2016. Ytterlegare kostnader til arbeidet må fremmast som eiga sak når handlingsplanen for arbeidet er godkjent.»

## Kommunestyret - 36/2016

### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert satt i gang ein prosess med å få miljøsertifisert rådhuset. Driftsramma for tenesteområdet plan, utbygging og kommunalteknikk vert auka med kr 50 000 for å dekke dei kjente utgiftene til arbeidet. Dette vert finansiert med å redusere avsetning til disposisjonsfondet med kr 50 000, frå 1 mill til 0,95 mill i 2016. Ytterlegare kostnader til arbeidet må fremmast som eiga sak når handlingsplanen for arbeidet er godkjent.»